



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Lavik Sokneråd**

## **Møteprotokoll Lavik sokneråd 18. oktober 2023**

**Fellesmøte for det gamle og nye soknerådet.**

**Tilstades:**

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Bjørn Harald Nybø, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Terje Båtnes, Oddny Marie Bruåsdal Tonje Førde Systad, Rolf Aamot, Geir Sørebø, Hilde Iren Bosdal.

**Ord til opning v/ Geir:** Takk ved slutten av ein valperiode – og bøn ved starten av ein ny.

**Godkjenning av innkalling, referat frå 6. september og sakliste.**

**Meldingssaker:**

**15/23: Sidan sist.**

**Gudstenester:** 24. sept: Hausttakkefest, barnevenleg, noko færre enn vanlegvis, men det er nok eit faktum at barnetalet for aktuelle born er noko mindre enn det har vore i nokre år.

15.oktober: Ordinær gudsteneste med takk til det gamle soknerådet og presentasjon av det nye.

**Trusopplæring:** 20.sept. Myldresamling med 10 born tilstades. T-dag i september vart avlyst pga for få påmelde; med tanke på antal born i aktuell alder (og sannsynleg påmelde) vel vi å ikkje ha T-dagar dette skuleåret. Mange som skal starte i 1.klasse neste skuleår.

**16/23: Nytt frå fellesrådet** – møte 21. sept. Vi orienterte dei nye medlemmene litt om ordninga med sokneråd og fellesråd og kva oppgåver dei to råda har. Fellesråd (Høyanger Kyrkjelege Fellesråd HKF har ansvar for økonomi, kyrkjelege bygg, kyrkjegardar og tilsette. Soknerådet har ansvar for «alt det andre» som skjer i kyrkjeleg regi.

**Preste/tilsette-situasjonen.** Frå nyttår 2024 vert Inger Cesilie Fitje tilsett som diakon i kommunen. Ho og Andreas Ester skal då saman ha ansvar for gudstenester og gravferder i heile kommunen. Ein diakon kan ha gudstenester med nattverd, gravferder og dåp. Pga nær relasjon med kyrkjeverge (ektefelle) skal Prosten ha arbeidsgjevaransvaret for Inger Cesilie. Dette vert førebels eit 3-årig prosjekt.

**Glasmaleriet** i Høyanger kyrkje er dårlig og forfall stadig. Dette må stoppast, og det er søkt om kommunal støtte til dette. Full reparasjon vil verte svært dyrt, og må kome seinare.

**Kyrkjelydsarbeidar-stillinga** i 50% er no utlyst igjen. Må lysats ut årleg så lenge ein ikkje har tilsett med formell utdanning. Ein er godt nøgd med arbeidet som vert gjort av Heike Müller som er tilsett i stillinga.

**Kyrkjetenar i Bjordal** har ein ikkje klart å rekuttere

**17/23: Kyrkjevalet – Kva fungerte/kva kan gjerast annleis** Kommunevalet og kyrkjevalet var ikkje i same bygg slik vi har vore vande med, dette var truleg medverkande til at berre 25% av dei som kunne stemde. Oppsluttinga på landsbasis var berre 10 %, så vi kan vel seie oss nøgde. 38 av 90 stemde digitalt. Det vart kommentert at det var lite opplyst at ein kunne stemme digitalt – og lite fokus på bispedømmevalet denne gongen. På landsbasis kosta kyrkjevalet ca 80mill kr, det kjem truleg til å verte lagt opp noko annleis ved neste val.

#### **18/23: Tankar etter ein soknerådsperiode.**

Dei «gamle» soknerådsmedlemene deler erfaringar. Stikkorda som går igjen er sosialt, lærerikt, kjekt..

**19/23: Tankar framfor ein ny soknerådsperiode.** Vi oppmodast til å tenke på det fine i at vi no har mulighet til å vere kreative og har fullmakter til å påverke og forme det kyrkjelege arbeidet i soknet.

#### **Vedtakssaker:**

##### **21/23: Arrangement vidare**

**25. okt – Mat og prat** på Alværa kl 18. Regine, Katrin og Torunn tek ansvar for maten. Geir lagar plakat som Regine heng opp. Samtale om liv, tru og tvil.

**4. nov – aktivitetsdag på Alværa** – kl 12-15; inviterer familiar frå heile kommunen; samlingsstund, song, pølser og brød. Heike vert med.

**6. des Vi syng jula inn.** Vi utfordrer Fjordbrass til å spele jule-og adventssongar. Eldrun og Torunn tenker ut program.

##### **22/23 Gudstenester/gudstenesteplan**

Fordeling av oppgåver - kyrkjevert, takkoffer, klokkar.... Sjå vedlegg.

##### **23/23 Konstituering av nytt sokneråd for perioden 2024-2027**

**Val av ( for 1 år)**

Leiar : Toril Lange

Nestleiar: Katrin Borlaug Ringereide

Skrivar: Regine Borlaug Pettersen

**Val av representantar til Høyanger kyrkjelege fellesråd ( for 4 år)**

2 faste medlemar: Toril Lange og Bjørn Harald Nybø

2 varamedlemmer : Eldrun Nordahl og Torunn Styve

**Ymse.**

15.november Soknerådkurs på Førde kyrkjetun.

23.november vert det felles møte på Alværa for alle sokneråda i kommunen

Dato for neste møte vart ikkje fastsett.

Lavik 21.oktober 2023

Torunn Styve, ref.